

Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 17/4320-1

Høyringsnotat "Fagbrev på jobb"

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga.

Vedlegg:

1. Høyrings svar frå Opplæringskontora sitt samarbeidsutval (OKSU).
2. Høyringsnotat frå kunnskapsdepartementet om Fagbrev på jobb

SAKSFRAMSTILLING

Kunnskapsdepartementet sendte 04.04.2017 ut på høyring eit høyringsnotat om «Fagbrev på jobb» som er eit forslag til ein alternativ veg til fag- og sveinebrev. Regjeringa fremma forslag om ei slik ordning i Meld. St. 16 (2015 – 2016) *Fra utenforskap til ny sjanse*. Høyrings saka er tilgjengeleg på regjeringen.no. Høyringsfrist er 19. mai 2017. Høyringsinstansar er mellom anna fylkeskommunar, fylkesmenn, ulike departement, arbeidstakar- og arbeidsgjevar organisasjonar og elevorganisasjonar. For fullstendig liste sjå regjeringen.no.

Fylkesdirektøren for opplæring har sendt høyringsnotatet ut på høyring til opplæringskontora med adresse i Sogn og Fjordane. Innspelet er del av grunnlaget for felles høyringsnotat for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

2. Bakgrunn for høyringsnotatet

Høyringsnotat inneheld forslag om fagbrev på jobb, ein mogelegheit til å gå opp til fagbrev etter ein kombinasjon av opplæring og rettleiande praksis frå ei bedrift utan å ha vore lærling. Høyringsnotatet skildrar og drøftar problemstillingar som det må takast stilling til ved innføring av ordninga. Departementet ber om høyringsinstansane sine synspunkt på desse problemstillingane.

3. Problemstillingar og synspunkt

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennomført prosjektet «fagbrev på jobb» i salsfaget. Modellen som blei prøvd ut i salsfaget er i stor grad same mal som vart prøvd ut i Rogaland og kalla «Realkompetansemodellen». Modellen er lik forslaget i høyringsnotatet om «fagbrev på jobb».

Utprøvinga av «Realkompetansemodellen» var vellukka for dei som gjennomførte. Av 18 deltakar har 7 bestått, 3 er oppmeld til fagprøve, 1 er i opplæringsløpet og 7 valde å ikkje halde fram.

Ut frå erfaringane med denne modellen og med dei alternative vegane til fag- sveineprøve som opplæringslova og forskrift opnar for, har fylkesdirektøren følgjande kommentarar til høyringsnotatet om «fagbrev på jobb»:

Departementet sine vurderingar	Synspunkt frå Sogn og Fjordane fylkeskommune
<p>Departementet mener det er behov for en ordning som kombinerer deler av lærlingordningen med deler av praksiskandidatordningen og som bidrar til at flere uten formell kompetanse tar fagbrev, samtidig som de beholder lønn under opplæringen.</p>	<p>Praksiskandidatordninga er ei dokumentasjonsordning.</p> <p>«Fagbrev på jobb» er ein ny opplæringsveg fram til fag-sveineprøve for vaksne og må derfor ikkje samanliknast med praksiskandidatordninga.</p>
Departementets forslag	
<p>5.1 Bør ordningen gjelde alle fag Departementet foreslår at ordningen lovfestes, men at hvilke fag den skal gjelde for fastsettes i forskrift etter råd fra de faglige rådene.</p> <p>Høringsinstansene bes uttale seg om ordningen bør gjelde alle fag, eller om den bare skal gjelde for de fagene de faglige rådene har foreslått.</p>	<p>Ordninga bør gjelde i alle fag. Om ordninga berre skal gjelde enkeltfag kan det fort verte ein annanrangs veg til fag- og sveinebrev, og eit uryddig system.</p>
<p>5.2 Krav til og beregning av allsidig praksis</p> <p>Krav til relevant praksis før det tegnes kontrakt Ordningen er tenkt for personer som allerede har arbeid som gir relevant praksis for lærefaget. Derfor mener departementet at det bør stilles krav om at vedkommende er i arbeid og har relevant praksis før det tegnes kontrakt. Praksisen bør tilsvare minst 1 år i full stilling.</p>	<p>Sidan ordninga i stor grad baserer seg på realkompetansevurdering og opplæring på dei delane av læreplanen som ikkje blir godkjent, bør det vere krav om 1 år relevant praksis i full stilling eller omrekna til full stilling.</p> <p>Ordninga må ha same vurderingsformer som ligg i læreplanane for faga, og for vaksne som følgjer opplæring etter §4 A-3 (godkjenning gjennom realkompetansevurdering, og/eller eventuelt fritak etter § 1-16).</p> <p>I fellesfaga må §1-13 gjelde – fritak etter min. 5 års variert praksis. I dag gjeld dette berre for yrkesfag med opplæring 3 år i skule, noko som er ei urimeleg forskjellsbehandling mellom yrkeskompetansefaga og lærefaga.</p> <p>Når det gjeld vurdering av kompetansemål på vg3-nivå der deltakaren treng opplæring etter gjennomført realkompetansevurdering, må instruktør/rettleiar i bedrift kunne «kvittere ut» formelt når deltakaren har oppnådd desse kompetansemåla (à la opplæringsbok for lærlingar), utan at det vert laga eigne prøver/vurderingsformer for dette. Dette vart òg gjort i nokon av forsøka. Deltakaren får sluttvurdering gjennom fagprøva.</p>
<p>Krav til praksis i kontraktperioden Ved inngåelse av kontrakt skal kandidaten få sin realkompetanse vurdert i forhold til læringsutbyttebeskrivelse i læreplanene i faget. Realkompetansevurdering gjennomføres på vanlig måte av fylkeskommunen. Departementet foreslår at kontraktperioden ikke skal settes til mindre enn ett år.</p>	<p>I følge § 6-46 i forskrift til opplæringslova, <i>Realkompetansevurdering av vaksne med rett til videregående opplæring ved inntak</i>, skal den vaksne ikkje få tilbod om opplæring i heile fag som han eller ho har fått godkjent gjennom realkompetansevurderingen.</p> <p>Fylkesdirektøren støttar forslaget om at kontraktperioden vert minimum eitt år.</p>
<p>For at kandidaten skal kunne få tilstrekkelig veiledning bør det stilles krav om tilstrekkelig praksis gjennom hele kontraktperioden. En mulighet er at kandidatene må ha minst 50 pst stilling gjennom hele kontraktperioden. Et annet alternativ er å ha en</p>	<p>Etter erfaringar i forsøk med utprøving av «Realkompetansemodellen» støttar fylkesdirektøren forslaget om minimum 50 % stilling i kontraktperioden. Lågare stillingsprosentar gir utfordringar knytt til opplæring og rettleiing på arbeidsplassen.</p>

gjennomsnittsberegning i kontraktperioden, eller en mer skjønnsmessig vurdering.	
<p>Personlig opplæringsplan med krav til opplæring og veiledning i praksisperioden</p> <p>Departementet foreslår at det på grunnlag av realkompetansevurdering skal fastsettes en personlig opplæringsplan der det fremgår hvilke av læringsutbyttebeskrivelsene i læreplanen kandidaten skal ha opplæring eller veiledning i for å kunne gå opp til fag- eller svenneprøven. Det skal også fremgå av planen hvilke deler av opplæringen fylkeskommunen skal ha ansvar for og hvilken del bedriften skal ha ansvar for. Videre skal det fastsettes i planen hvor lenge kontrakten skal inngås for, slik at summen av kandidatens praksis og opplæring blir forsvarlig sammenlignet med praksiskravet i praksiskandidatordningen og læretiden i lærlingordningen.</p>	<p>Fylkesdirektøren støtter forslaget om opplæringsplan.</p> <p>Når det gjelder lengde på kontrakten, sjå kommentaren over.</p>
<p>5.3 Vurdering av oppnådd kompetanse Fellesfag</p> <p>Departementet foreslår at det ikke stilles krav om fullført og bestått i fellesfagene for å gå opp til fag- eller svenneprøve for kandidater som følger fagbrev på jobb. Høringsinstansene bør uttale seg om dette.</p>	<p>Fylkesdirektøren støtter forslag om at det ikkje er krav om fullført og bestått i fellesfaga.</p>
<p>Etter departementets oppfatning kan det imidlertid være hensiktsmessig med en opplæring i grunnleggende ferdigheter knyttet til arbeidssituasjonen, dersom det ikke stilles krav om fellesfag.</p> <p>Departementet ber om høringsinstansenes syn på om det skal fastsettes krav til opplæring i grunnleggende ferdigheter og utvikles læreplaner og vurderingssystemer for dette, til bruk i fagbrev på jobb.</p>	<p>Det bør ikkje lagast særordningar for kandidatar i «Fagbrev på jobb». Vakse som i dag får fritak for fellesfaga etter forskrift til opplæringslova § 1-13 får ikkje spesiell opplæring i grunnleggjande ferdigheiter ut over læreplanane på vg1, vg2 og vg3.</p> <p>Dei grunnleggjande ferdigheitene er integrert i kompetansemåla. Det er difor ikkje naudsynt å utvikle eigne læreplanar og vurderingssystem for grunnleggjande ferdigheiter.</p>
<p>Egen eksamen for praksiskandidater, for særlopfag og særskilte lærefag</p> <p>Høringsinstansene bes uttale seg om hvordan kandidater som følger fagbrev på jobb skal vurderes. Bør de alle gjennomgå sentralt gitt skriftlig eksamen, eller bør det utvikles mer tilpassede vurderingsformer?</p>	<p>Kandidatar som føl «Fagbrev på jobb» bør vurderast på same måte som lærlingar/elearar fordi «Fagbrev på jobb» er ein opplæringsordning.</p>
<p>I enkelte lærefag kan det etter forskriftens § 3-52 fastsettes at eleven eller lærlingen skal opp til en egen eksamen før fag- eller svenneprøven. Hvis Fagbrev på jobb skal omfatte fag hvor det er fastsatt at det skal være en slik eksamen må det vurderes om dette kravet skal gjelde for kandidater som følger modellen for Fagbrev på jobb.</p>	<p>Kandidatar som følgjer «Fagbrev på jobb» bør vurderast på same måte som lærlingar/elearar.</p>
<p>5.4 Tilskudd</p> <p>Høringsinstansene bes uttale seg om bedriften bør godkjennes etter samme kriterier som lærebedrifter for å kunne delta i ordningen.</p>	<p>Bedriftene bør godkjennast etter same kriterium som lærebedriftene.</p>
<p>Departementet ber høringsinstansene uttale seg om bedriftene skal få tilskudd og eventuelt etter hvilken sats og beregningsmetode.</p>	<p>Bedriftene bør få basistilskot II for den opplæringa dei tek ansvar for.</p>
<p>6 Økonomiske og administrative konsekvenser</p>	<p>Departementet hevder at ordninga ikkje vil føre til auka kostnader for fylkeskommunane, ved at ikkje fleire får</p>

<p>Departementets forslag er en ny modell for å nå fram til fag- eller svennebrev. Denne modellen medfører ikke mindre opplæring enn opplæring i skole eller lærebedrift, fordi den baserer seg på allsidig praksis i faget og veiledning på arbeidsplassen ved siden av opplæringen. Forslaget vil ikke medføre at flere individer får rett til videregående opplæring og ingen vil ha en lovbestemt rett til å få opplæring etter denne modellen. Forslaget vil derfor ikke pålegge fylkeskommunene økte kostnader.</p>	<p>rett til vidaregåande opplæring for vaksne. Det er rett at ikkje fleire får rett, men ordninga sitt føremål og konsekvens, vil forhåpentlegvis vere at fleire får <u>opplæring</u> fram til fagbrev. Ordninga er meint å vere alternativ til praksiskandidatordninga, gjennom å gje opplæring <u>på arbeidsplassen</u>. Dette vil måtte føre til auka kostnader, da det vil bli auka bruk av realkompetansevurdering, meir opplæring og basistilskot til bedriftene. I tillegg vil ordninga medføre auka administrative kostnader, då det skal utarbeidast individuelle opplæringsplanar etter realkompetansevurdering. Realkompetansevurdering har strenge forskriftsskrav til dokumentasjon (enkeltvedtak og kompetansebevis), og i tillegg til individuelle opplæringsplanar vil dette medføre auka administrativt ressursbruk, sjølv om tal praksiskandidatar vil kunne gå ned.</p>
<p>7 Forslag til ny lovtekst Ny § 3-5 Fag- og sveineprøve utan læreforhold og skole skal lyde:</p> <p>Departementet fastsetter i forskrift at det i utvalde fag er mogleg.....</p>	<p>Orda «i utvalde fag» må strykast fordi ordninga bør gjelde alle lærefaga, sjå tidlegare kommentarar.</p> <p>Det bør komma ein eigen paragraf der namnet på ordninga er nemnt, dette for å skilje mellom «Fagbrev på jobben» og noverande praksiskandidatordning.</p>

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren si generelle vurdering til ordninga er at denne er positiv med tanke på at fleire vaksne vil kunne få dokumentert sin kompetanse gjennom å ta fag- og sveinebrev. Samstundes vil ordninga auke kostnadane til fylkeskommunane.